



Saksbehandlar: Inge Horstad, Øystein Hunvik, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 18/8598-61

## **Endring av rutetilbod og materiell frå 2022**

### **Fylkesdirektøren rår Hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

1. Rutetilboden på Frønningen vert redusert til 3 tur/retur pr. veke, i samsvar med nivået for fylkeskommunalt minstetilbod.  
  
Kravet om bilferje fell vekk, men det vert kravd bilførande kapasitet for 3 personbilar på enkelte avgangar inntil 30 turar i året.
2. Flåmsekspresen vert lagt ned frå 2022. Innsparinga vert nytta til å utvide sesongen på sommarruta Bergen – Flåm – Bergen, slik at den frå 2022 går i perioden 1. april til 31. oktober.
3. Det fylkeskommunale rutetilboden til Indrevær og Utvær vert redusert til 12 veker om sommaren (3 dagar i veka), i tillegg til 12 enkeltdagar etter avtale med kommunen. Det må vidare leggast til rette for at kommune og reiseliv kan kjøpe ekstraturar frå Nautøy til Indrevær/ Utvær til ein definert fastpris som tilsvrar sjølvkost.
4. Prinsippet om at Solund kommune skal betale 60% for opsjonsruter vert vidareført.
5. Det vert stilt krav til at ein av kombikatamaranane i Florabassenget skal ha noko større kapasitet.
6. Dersom det vert vurdert til å vere hensiktsmessig å dele Nordre distrikt på fartøya som trafikkerer Vestre distrikt og Kystvegekspressen, får fylkesdirektøren fullmakt til å ta bort eit parti i Florabassenget.

### **Vedlegg:**

### **Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

## **1. Samandrag**

Arbeidet med å lyse ut båtrutene som skal vere frå 2022 er i gang. Fylkestinget har gjeve føringar og fullmakter for arbeidet.

I denne saka vert det drøfta forhold som treng politisk forankring/avklaring knytt til dimensjonering av rutetilbod og farty samt vidareføring av tidlegare vedtak.

Rutetilbod til Frønningen, Flåm, Utvær, Gåsvær og i Florabassenget vert drøfta og foreslått justert.

I Frønningen vert det foreslått å ta bort kravet om ferje, men behalde kravet om bilførande kapasitet på eit avgrensa tal turar.

I Florabassenget vert det foreslått å auke størrelsen på den eine bilførande kombikatamaranen. I tillegg vert det vurdert om fleire ruter i Florabassenget kan slåast i hop.

Tidlegare vedtak om redusert betaling for kommunale opsjonar i Solund vert foreslått vidareført.

## **2. Bakgrunn for saka**

I samband med førebuing til anbodsutlysing av båtrutene frå 2022 har fylkestinget vedteke ein del føringar for dette arbeidet. Aktuelle spørsmål fram mot ferdigstilling av konkurransegrunnlaget skal avklarast og forankrast politisk.

Det er bestemt at rutetilboden skal vidareførast på same nivå som i dag, men litt justeringar vil det verte. Målsetjingar fra klimaplanen og RTP skal gjelde. Ramma i økonomiplanen er auka for å realisere klimagevinstar, samt å få betre universell utforming. Det er vidare bestemt at rutetilboden skal justerast i forhold til behovsutviklinga, samt å søke tidsriktige løysingar.

Rutetilboden vert revidert årleg. Endringar i busetnad, reisemønster og tilpassing til økonomiske rammer gjer at rutetilboden må justerast jamleg. I avtaleverk med operatørane av rutene vert det lagt inn reguleringsmekanismar for å fange utviklinga i rutetilboden.

I samband med anbodsutlysinga er det likevel viktig å definere mest mogleg presist det som skal vere det rutekjøpet vi endar opp med frå 2022 og utover. Det er spesielt viktig å definere dimensjonerande faktorar som type farty og tal farty.

I denne saka vil vi gå gjennom behov for dimensjonerande justeringar av rutekjøpet i aktuelle ruteområder. Vi vil spesielt vurdere fylkeskommunalt minstetilbod og type båt.

Ruter og områder der fylkesdirektøren på noverande tidspunkt ikkje har merka seg behov for større endringar vert ikkje omtalt i denne saka. Endringar knytt til klima og universell utforming vert heller ikkje omtalt i denne saka.

## **3. Styrande dokument og vedtak**

### **3.1 Fylkestinget sak 11/2010**

I FT-sak 11/10 vart det definert eit fylkeskommunalt minstetilbod med båt til veglause grender, sjå tabell:

Tabell 2 : Rutetilbod avhengig av antal fastbuande.

Fastbuande langs ruta	Ruteproduksjon utan skuleskyss	Ruteproduksjon dersom skuleelevar
1 - 5	1 tur/retur pr veko	Skulerute morgen/ettermiddag
6 - 15	tur/retur 3 dagar pr veko	Skulerute morgen/ettermiddag
16 - 30	tur/retur 5 dagar pr veko	Skulerute morgen/ettermiddag
31 - 40	1 tur/retur 7 dagar pr veko	Skulerute morgen/ettermiddag + 1 tur/retur laurdag + 1 tur/retur søndag
40 +	2 tur/retur mandag - fredag + 1 tur/retur laurdag + 1 tur/retur søndag	2 tur/retur mandag - fredag inkl skuleskyss + 1 tur/retur laurdag + 1 tur/retur søndag

Med tur/retur meiner vi at passasjeren skal kunne reise frå heimen til kommunesenteret om morgonen og returnere til heimen på ettermiddagen. Rutetilboden må vere slik at det er tilstrekkelig tid til å utføre f.eks besok på offentlege kontor og innkjøp av varer.

Denne modellen gir likt rutetilbod uavhengig av bustadkommune.

#### Folketalsutvikling sett opp mot tersklane i det fylkeskommunale tilboden

På grunn av nedgang i folketal har nokre av rutene betre rutetilbod enn det skulle vore etter tabellen ovanfor. Vi vil i denne saka gå gjennom dei rutene som har behov for justering.

#### Kommunale opsjonsruter

Det er viktig å merke seg at rutene slik dei går i dag, også består av dei kommunale opsjonsrutene. Vår gjennomgang i denne saka tek for seg det fylkeskommunale minstetilboden. Kommunane har høve til å kjøpe seg opsjonsruter utover det fylkeskommunale minstetilboden, og vi er i dialog med kommunane om kva dei ynskjer skal lysast ut som opsjonsruter.

### **3.2 Regional transportplan**

Regional transportplan er eit plandokument vedteke av fylkestinget som gjev føringer for korleis kollektivsystemet skal utviklast framover.

Fylkeskommunen sin overordna visjon for transportpolitikken i Sogn og Fjordane er:  
*«Å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennlig transportsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport og som fremmer regional utvikling.»*

Visjonen inneberer at fylkeskommunen må gjere prioriteringar slik at ressursbruken bidreg i retning av følgjande tre hovudmål:

- *Betre framkomme for personar og gods i heile fylket*
- *Redusere transportulukkene i tråd med nullvisjonen*
- *Redusere klimagassutsleppa i tråd med ei omstilling mot eit lågutsleppssamfunn og tilpasse infrastrukturen til endra klima med meir nedbør.*

Regional transportplan er eit omfattande dokument som omhandlar mange områder. Spesielt viktig for arbeidet med båtanbod er føringane knytt til universell utforming, klimatiltak og eit heilskapleg og samfunnsnyttig rutetilbod.

*«Det er viktig å arbeide heilskapleg og langsiktig for å utvikle eit rutetilbod som både er marknadsretta og samfunnsnyttig.»*

*«Det er viktig med tett dialog inn mot kommunane slik at vi kjenner lokale behov når det skal prioriterast mellom ulike reisebehov»*

Føringane i regional transportplan er ikkje alltid like konkrete. Det vil difor i mange samanhengar vere naturleg med politiske prioriteringar og forankring.

## **4 Justering av rutetilbod og materiell aktuelle stadar**

### **4.1. Frønningen**

Frønningen er ei veglaus bygd i Lærdal kommune. I 2010 var folketetalet etter SSB sine registreringar 11 personar. I 2019 er dette talet redusert til 7.

Fram til Lærdalstunnellen opna i 2000 var Frønningen eit stopp på ferjeruta mellom Gudvangen og Kaupanger. Det vert i dag framleis nytta ferje til Frønningen.

#### Rutetilbod

I forhold til FT-sak 11/10 får ikkje endringa i folketal nokon konsekvens for det fylkeskommunale tenestetilbodet. Innbyggjarane i Frønningen har framleis krav på 3 turar for veka kvar veg.

Dagens rutetilbod til Frønningen er høgare enn det fylkeskommunale minstetilbodet. Det går i dag 2 turar morgen og to turar ettermiddag, tre dagar for veka.

Fylkesdirektøren rår til at rutetilboden vert redusert til 3 tur/retur pr. veke, i samsvar med nivået for fylkeskommunalt minstetilbod.

#### Materiell:

Det vert i dag nytta ei lita ferje på sambandet. På Frønningen er det aktiv skogssdrift med stor produksjon. Vidare er det i periodar aktivitet knytt til jakt. Det er soleis behov for bilfrakt.

Gods og bilfrakt inngår ikkje som del av det fylkeskommunale rutetilbodet. Det er eit spørsmål om politiske prioriteringar om det skal gjevast tilbod om bilfrakt. Det er svært dyrt å halde ei eiga ferje for 7 innbyggjarar. På den andre sida er det lagt opp til at rutetilboden i fylket skal vidareførast.

Fylkesdirektøren rår til at kravet om bilferje fell bort, men at det vert kravd bilførande kapasitet for 3 personbilar på enkelte avgangar inntil 30 turar i året. Dette kan løysast ved at det vert nytta ein mindre passasjerbåt til vanleg og at det vert mogleg å gjere avrop på kombikatamaranen som er til Vik 3 dagar for veka. For å legge til rette for fleire tilbydarar, kan det opnast opp for tilbod med ferje.

### **4.2 Flåmsekspresen og utvida sesong på sommarruta Bergen - Flåm**

Flåmsekspresen er ei rute som går 8 veker om sommaren. Båten går frå Flåm klokka 06.00 i korrespondanse med Sognebåten til Bergen. Ruta returnerer frå Balestrand klokka 08.30 til Flåm.

Denne ruta er med å gi ei sambinding mellom Flåm og Balestrand og vert utført med ein mindre skyssbåt med plass til 45 reisande. Ruta har siste åra hatt om lag kr 200 000 i billettinntekter. Dei fleste reisande er med frå Balestrand til Flåm. Dei reisande er i hovudsak turistar. Ruta kostar fylkeskommunen i dag om lag 0,9 millionar kroner, inntektene er då trekt frå.

Reiselivsnæringa har spelt inn at dei ynskjer å vidareføre utvidinga av sommarsesongen på Ekspressbåten Bergen - Flåm, som no er gjort i kommersiell regi. Dei meiner at utvida sesong på hovudruta er viktigare enn Flåmsekspresen.

Fylkesdirektøren rår til at Flåmsekspresen vert lagt ned frå 2022, innsparinga vert nytta til å utvide sesongen på sommarruta Bergen - Flåm - Bergen, slik at den går i perioden 1. april til 31. oktober.

### **4.3 Solund**

#### **4.3.1 Ruta til Utvær**

Dagens rute går 3 gonger i veka frå Hardbakke via Nåra, Kolgrov, Indrevær, Husøy, Notøy til Utvær. I tabellen under er det lista opp tal fastbuande på kvar stad samt tal reisande i 2018.

Hardbakke - Utvær	Innbyggjarar	Tal reisande
Indrevær	0 personar	206
Husøy	0 personar	102
Nautøy	7 personar	804
Utvær	0 personar	594
Totalt:	29 personar	1.706

Dei 7 innbyggjarane på Nautøy har rett til skyss 3 dg. pr. veke, slik som i dag. Fylkeskommunen har ikkje plikt til å halde oppe rutetilbod til dei stadane som ikkje har fastbuande. Det er både fritidsreisande og turistar som skal til Utvær, Indrevær og Husøy.

Utvær er ein viktig del av reiselivssatsinga i Solund. Reiseaktiviteten til Utvær er størst i sommarhalvåret i tillegg til enkelte reisedagar elles i året.

Utvær ligg vest i havet og kan by på krevjande forhold for båtfarande. Eit rutetilbod i ei eller anna form er difor viktig for å understøtte den aktiviteten som er der i dag.

Det vil vere mogleg å legge til rette for at båten framleis kan gå vidare til Indrevær og Utvær når den er til Nautøy 3 dagar for veka, tilsvarande slik rutene går i dag. Sidan det ikkje er fastbuande, og det i vinterhalvåret er lite aktivitet vil det ikkje vere naturleg å oppretthalde dagens rutetilbod heile året.

Fylkessdirektøren rår til å oppretthalde eit fylkeskommunalt rutetilbod heilt til Utvær 12 veker om sommaren 3 dagar for veka, i tillegg til 12 enkeldagar etter avtale med kommunen (t.d. påske og pinse). Det må vidare leggast til rette for at kommune og reiseliv kan kjøpe ekstraturar frå Nautøy til Utvær til ein definert fastpris som svarar til meirkostnaden med å forlenge ruta.

#### 4.3.2 Ruta Hardbakke – Gåsvær

Båtruta Hardbakke – Gåsvær legg til rette for at innbyggjarane som soknar til den, kan arbeide i Hardbakke, samt at dei rekk forbindelsar med ekspressbåten i Krakhella.

Ved førre utlysing bestod det fylkeskommunale rutetilboden av skulerute, arbeidsrute, midt på dagen rute og ei kveldsrute. I tillegg til både laurdag og søndagsavgang.

Vegutløysing, reduksjon i tal fastbuande og bortfall av skuleelevar gjer at det fylkeskommunale minstetilboden no vert redusert til 3 tur/retur for veka.

Tabellen under viser fastbuande på kvar stad, korvidt det er vegforbindelse samt tal reisande i 2018.

Hardbakke-Gåsvær	Innbyggjarar	Har vegsamband	Næring	Tal reisande
Lågøy	5 personar		Båtverkstad	494
Little Færøy	1 person		Leirskule	689
Stokkevåg	0 personar			174
Oddekalv	2 personar			487
Indrøy	0 personar			88
Tangenes	(11 personar)	Ja		134
Storøy	0 personar			94
Gåsvær	5 personar		Reiseliv, fiskeri	1.143
<b>Totalt:</b>	<b>13 personar</b>			<b>3.303</b>

#### 4.3.3 Kommunale opsjonsruter

I samband med førre utlysing av båtanbod, gjeldande frå 1. mai 2012, melde Solund kommune at rutetilboden vart for dårleg og at kommunen ikkje hadde økonomi til å betale for kommunale opsjonsruter utover det fylkeskommunale minstetilboden.

Hovudutval for samferdsle vedtok i HS-sak 48/2011 at kommunen skal betale 60% for kommunale opsjonsruter:

- 3 Hovudutval for samferdsle ser på ”Tornesroseruta” i Solund som ei regional rute og tek kostnadane med den. I tillegg meiner hovudutval for samferdsle at fylkeskommunen må dekke ca 40% av Solund sine ekstra kostnader med dei 3 bygderutene.

Solund kommune får eit skjonstilskot med årleg verknad på kr 750 000.

Fylkesdirektøren legg til grunn at prinsippet om at Solund kommune skal betale 60% for opsjonsruter vert vidareført.

#### **4.4 Florabassenget/Kystvegeekspressen**

Florabassenget har betydeleg fleire innbyggjarar og reisande enn dei andre veglause grendene. Folketalet er nedadgåande, men reiseaktiviteten er høg. Reiseliv og fritidsbustadar er noko av årsaka til dette.

Tabellen nedanfor viser folketalsutviklinga dei siste åra:

SSB, tabell 04317, Pr 22. februar 2019		Personer										Endring
		2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	
14010201 Stavøy		46	45	45	44	43	45	41	43	45	43	- 3
14010202 Svanøy		75	79	78	77	69	68	71	68	67	60	- 15
14010203 Askrova		97	97	93	86	93	91	86	83	83	82	- 15
14010204 Kinn/Reksta		125	128	118	114	111	106	104	98	94	92	- 33
14010205 Ånnøy/Nekkøy/Skorpa		46	47	47	40	37	37	35	34	34	30	- 16
14010207 Batalden		92	91	89	89	90	82	79	74	73	68	- 24
14010208 Hovden/Barekstad		51	52	49	47	38	36	34	34	33	35	- 16
14010209 Nærøyane		11	8	12	10	10	10	12	12	11	10	- 1
<b>SUM</b>		543	547	531	507	491	475	462	446	440	420	-123

-22,7 %

#### **4.4.1 Rutetilbod**

I forhold til det fylkeskommunale minstetilboden kvalifiserer Florabassenget fortsatt til det høgaste tilboden. Det ser ut til at det er ei viss dreiling i behovet frå arbeidsreiser morgen og ettermiddag til fritidsreiser på kveld og helg.

#### **4.4.2 Tyngre bilførande katamaran i Florabassenget**

Bilfrakt har auka, og det er kapasitsproblem på nokre avgangar. Ved førre anbod vart krava til størrelse på eine kombikatamaranen redusert. Dette har resultert i utfordringar med å få med tyngre last og lastebilar.

Fylkesdirektøren rår til at det igjen vert stilt krav til at den eine kombikatamaranen skal vere noko større.

#### **4.4.3 Nordre distrikt/Kystvegeekspressen/Vestre distrikt**

I dag vert Nordre distrikt betjent av ambulansebåten på arbeidsruta morgen og ettermiddag. Båten som går i Kystvegeekspressen går skuleruta.

Det er ikkje krav til bilførande kapasitet på Kystvegeekspressen. Dagens operatør har likevel nutta båt med bilførande kapasitet, slik at Nordre distrikt på denne måten har hatt tilbod om bilførande på desse avgangane, i tillegg til godsrutene. I komande anbod vil det ikkje verte lagt opp til bilførande kapasitet på kystvegeekspressen. I eit klimaperspektiv er det ikkje heldig å gå lange strekk med ein tung kombikatamaran.

Sjølv om det er god ressursutnytting med samdrift av ambulansebåt og båtruter, har det i periodar vore utfordrande når folk ikkje kjem seg på arbeid grunna at ambulansebåten er på hasteoppdrag.

Det er mogleg med ei ordning der Kystvegeekspressen og båten i vestre distrikt deler stoppa i nordre distrikt mellom seg på arbeidsrutene. Dette vil redusere behovet for ein båt, men dei reisande med kystvegeekspressen og øyane i vest får litt lenger reisetid på arbeidsrutene.

Ved å byte ruteområde på dei bilførande katamaranane, vil alle område få bilførande ruter morgen og ettermiddag. Vidare slepp innbyggjarane i Nordre basseng ein einskrogsbåt som tidvis kan vere oppteken med andre oppdrag.

For Kystvegekspresen sin del kan auka reisetid kompenserast med ein raskare båt, slik at rutetida vert den same.

Fylkesdirektøren rår til at det vert vurdert å ta bort eit parti i Florabassenget, der Vestre distrikt og Kystvegekspresen deler Nordre distrikt mellom seg på arbeidsrute. Det må då vurderast å sette inn ein raskare båt på Kystvegekspresen.

## **5. Oppsummering/konklusjon**

### **Frønningen**

Rutetilbodet på Frønningen vert redusert til 3 tur/retur pr. veke, i samsvar med nivået for fylkeskommunalt minstetilbod.

Kravet om bilferje fell bort, men det vert kravd bilførande kapasitet for 3 personbilar på enkelte avgangar intil 30 turar i året. Dette kan løysast ved at det vert nytta ein mindre passasjerbåt til vanleg og at det vert mogleg å gjere avrop på kombikatamaranen som ligg i Vik 3 dagar for veka. For å legge til rette for fleire tilbydarar, kan det opnast opp for tilbod med ferje.

### **Flåmsekspresen**

Flåmsekspresen vert lagt ned frå 2022, innsparinga vert nytta til å utvide sesongen på sommarruta Bergen – Flåm – Bergen, slik at den går i perioden 1. april til 31. oktober.

### **Solund**

Det fylkeskommunale rutetilbodet til Husøy, Indrevær og Utvær vert redusert til 12 veker om sommaren (3 dagar i veka), i tillegg til 12 enkeltdagar etter avtale med kommunen (t.d. påske og pinse). Det må vidare leggast til rette for at kommune og reiseliv kan kjøpe ekstraturar frå Nautøy til Husøy, Indrevær og Utvær til ein definert fastpris som tilsvavar sjølvkost.

### **Kommunale opsjonsruter i Solund**

Fylkesdirektøren legg til grunn at prinsippet om at Solund kommune skal betale 60% for opsjonsruter vert vidareført.

### **Florabassenget**

Fylkesdirektøren rår til at det vert stilt krav til ein noko tyngre kombikatamaran i Florabassenget..

Fylkesdirektøren rår til at det vert vurdert å ta bort eit parti i Florabassenget, der Vestre distrikt og Kystvegekspresen deler Nordre mellom seg. Det må då vurderast å sette inn ein raskare båt på Kystvegekspresen.